

ABO Plan & arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 14/11846
Dykkar referanse:
Vår dato: 31.10.2014
Dykkar dato: 16.09.2014

Att:

Elektronisk post

AUSTRHEIM KOMMUNE OG LINDÅS KOMMUNE HORDALAND – VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID FOR DETALJREGULERING AV JOHAN SVERDRUP OLJERØYRLEIDNING FRÅ BERGSVIKHANM TIL MONGSTAD - UTTALE

Vi viser til dykkar brev av 16.09.14 og 07.10.2014 med melding om oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram.

Om planarbeidet og konsekvensutgreiinga

Statoil skal leggje ny oljerørleidning frå Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen fram til mottaksterminalen på Mongstad. Eksportløysingane skal konsekvensutgreiast etter petroleumslova. Den delen av oljerørleidninga som går over land, frå Bergsvikhamn til Mongstad, skal konsekvensutgreiast etter plan- og bygningslova. Før ein kan setje i verk det fysiske arbeidet med utlegging av leidninga må ein lage ein detaljreguleringsplan heimla etter plan- og bygningsloven. Reguleringsplanen skal gje føresegnar for gjennomføring av tiltaket og kva restriksjonar som vil gjelde. Planprogrammet sett rammar for kva konsekvensutgreiingar som skal utførast før reguleringsplanen kan leggast fram for politisk godkjenning. Planområdet omfattar trase frå landtak i Bergsvikhamn i Austrheim kommune fram til industriområdet på Mongstad jf. kartskisse som er vedlagt oppstartsmeldinga. Over land vil rørleidninga bli lagt i grøft frå Bergsvikhamn og fram til Førlandsvatnet, ca. 5km. Herfrå vil rørleidninga bli lagt i undersjøisk tunell under fjordar og øyar fram til terminalen på Mongstad, ca. 5km.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

Planansvarleg, i dette tilfelle Statoil Petroleum AS, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Fiskeridirektoratet region vest sin vurdering av planprogrammet

Jf. planprogrammet vil omtale av naturmiljø i sjø, fiske, akvakultur og skipstrafikk basere seg på det utgreiingsarbeidet som alt er gjort i samband med regionale konsekvensutgreiingar, andre feltspesifikke utgreiingar og forvaltningsplanen for Nordsjøen. Ecofact har på oppdrag på oppdrag frå Statoil utarbeida spesifikke konsekvensutgreiingar for naturmiljø, fisk, fiskeri og akvakultur for dei planlagde eksportrørleidningane frå Johan Sverdrup-feltet. Desse utgreiingane tek for seg heile traseen frå Johan Sverdrup-feltet og fram til mottaksterminalen på Mongstad. Regulert trase for oljerørleidninga frå ilandføringspunktet ved Bergsvikhamn og fram til Mongstad kjem i mindre grad i fysisk berøring med sjøområde fordi rørleidninga vert lagt i undersjøisk tunell under fjordområda. Det går føre seg fiske med tradisjonelle reiskap garn, line, ruse og teiene i desse fjordområda, men vi ser ikkje at ein undersjøisk tunell vil få konsekvensar for slikt fiske med utan det vert innført noko form for restriksjonar. Det er ikkje etablert akvakulturverksemd eller sett av areal til slike føremål i dei kommunale arealplanane i desse fjordområda. Ved Jibbersholmane vest av ilandføring ved Bergsvikhamn er det etablert lakseoppdrett. Spørsmål til konsekvensar for oppdrettsverksemda er teke opp i utgreiinga frå Ecofact.

Gyteområde torsk

Havforskningsinstituttet har registrert gyteområde for torsk i Hoplandsosen. Spørsmål til gyteområde for fisk er teke opp i rapporten frå Ecofact som peiker på at anleggsarbeid som fell innafor gytetida januar – april kan ha skremmeeffekt på gytefisk i influensområdet. Anleggsarbeida kan også ha negativ effekt for yngel som har rukket å bunnslå innafor anleggsområdet. Ecofact konkluderer med at eit mellombels anleggsarbeid i ein mindre del av gyteområdet som er registrert i Hoplandsosen, ikkje vert vurdert å ha noko vesentlig betyding for torskebestanden i området. Rapporten frå Ecofact rår likevel til at anleggsarbeida vert utført utafor den mest sårbare gyteperioden for kysttorsk som er februar – mars.

Sildestamme i Lurefjordsystemet

Lurefjordsystemet har ei egen sildestamme som er relativ stasjonær heile året, og som gyt inne i Lindåspollane. I tida februar og utover til mars-april samlar den lokale sildestamma seg for gyting i Lindåspollane og i tilgrensande sjøområde. I tillegg er der også innsig av NVG-sild på gytevandring inn i Lurefjordsystemet. Vi er usikker på om anleggsarbeid tilknytta etablering av undersjøisk tunell under fjordsystema vil påvirke silda i fjordsystema, men vi ser ikkje at dette spørsmålet er utgreid i rapporten frå Ecofact. Frå vårt hald er det derfor ynskjeleg at spørsmålet til

den lokale sildestamma i Lurefjordsystemet vert belyst gjennom det vidare arbeidet med reguleringsplanen.

Med helsing

Kari Morvik
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

ABO Plan & arkitektur AS Postboks 291 5203 OS

Kopi til:

Dagfinn Lilleng

Fiskarlaget Vest

Fylkesmannen i Hordaland

Havforskningsinstituttet

Hordaland Fylkeskommune

Kystverket Vest

Lise Langård

Slottsgt. 3

Postboks 7310

Postboks 1870

Nordnes

Postboks7900

Plan- og

Kystforvaltningsavd

elingen

5003

5020

5817

5020

6025

BERGEN

BERGEN

BERGEN

BERGEN

ÅLESUND